



Grilling for fullt ved Fredrik Brun, Margaret Are og Endre Sommersten

I kveld duftar det nygrilla laks over heile Rabben med omgjenvad. Det skjer fyrste helga i kvar einaste september, for bergensarane bryt ikkje sikre tradisjonar. i dette tilfellet er det Bergen Fjellsport som ikkje sviktar. I år er dei faktisk 40 i talet på utflukt til Uskedalen og så mange plar dei ikkje vera. Frå Rabben spreiar dei seg utover fjellheimen i Kvinnherad og denne gongen registrerte vi godord både om Melderskin og Ulvanåso,

- Og korleis er dommen om sesongen generelt, spør uskedalen.no dagleg leiar Magne Heggøy.
- August lyfta oss betrakteleg etterat det hadde vore kaldt, surt og vått, Belegget i hyttene vart bra totalt sett, seier Heggøy som verkeleg står på for Rabben og har rusta opp anlegget kraftig,

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen